

---

**Fra:** Tone Margrethe Bærland Furustøl  
**Sendt:** 19. april 2016 10:30  
**Til:** 'jostein@rylandbygg.no'; 'post@dyrkolbotn.com'  
**Emne:** Informasjon om handsaming i Plan- og miljøutvalet – gbnr 247/10 Dyrkolbotn

Informasjon om handsaming i Plan- og miljøutvalet – gbnr 247/10 Dyrkolbotn

Det vert vist til klage på vedtak om avvisning av søknad om oppføring av ny personalbustad gbnr 247/10 Dyrkolbotn. Søknad om rammeløyve for oppføring av ny personalbustad ved Dyrkolbotn Fjellstove vart motteken den 04.01.2016. Søknaden vart arkivert utan handsaming den 07.01.2016. Konkret avvisingsheimel for vedtaket var plan- og bygningslova § 21-2, jf. SAK § 5-4 der søknaden vart vurdert som ufullstendig og inneheldt for få opplysningar til at den kunne handsamast. I avvisingsvedtaket vart det bl.a. vist til at tiltakshavar skulle plassere avlaupsanlegget på gbnr 247/11.

Det er motteke klage frå tiltakshavar, Sigrid Dyrkolbotn, gbnr 247/10, i brev motteke her den 25.02.2016, med dokument retta av 26.02.2016. Det er klaga på avvisningsvedtaket med henvisning til en uriktig forståing av pbl. § 21-6 om dei privatrettslige forholda i saka.

Det er motteke uttale til klagen frå heimelshavar av gbnr 247/10, Jorunn Dyrkolbotn, i brev motteke her 04.04.2016.

Saka skal handsamast av Plan- og miljøutvalet i møte den 27.04.2016. Møtet vert halde i kantina på rådhuset og startar kl. 12.00. De kan stille som tilhøyrar på møtet. Dersom det vert synfaring i samband med møtet, vert det sendt ut eige brev om dette. For å sjå møteinnkalling med sakspapir gå til Lindås kommune si heimeside, gå til politisk møtekalender, velg Plan- og miljøutvalet og aktuell møtedato.

Kopi av denne mail er sendt Jorunn Dyrkolbotn pr. post.

Med helsing

**Tone Furustøl, rådgjevar**

Ikkje send svar direkte på denne e-posten.  
Svar eller førespurnadar rettast til: [postmottak@lindas.kommune.no](mailto:postmottak@lindas.kommune.no)

Tenk miljø før du skriv ut denne e-posten.

Er meldinga motteke hjå feil adressat, ver venleg å slette den frå postsystemet.